



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Sunndal kommune

Tilsynsdato: 28.11.2019

Rapportdato: 09.01.2020

## Innhald

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b>	<b>7</b>
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b>	<b>8</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	17.09.2019 (formøte) 28.11.2019 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Romsdalsvegen 2, 6600 Sunndalsøra
<b>Kommunennummer:</b>	1563
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Harriet Berntsen
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Stine Sætre
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	05.12.2019
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	09.01.2020
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	20.02.2020

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sunndal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einkilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Sunndal kommune 2015	17.03.2016
2.	Overordna beredskapsplan for Sunndal kommune	07.02.2019
3.	Vedlegg overordna beredskapsplan - varslingslister	04.10.2019
4.	Vedlegg overordna beredskapsplan - ressursoversikt	24.10.2019
5.	Vedlegg overordna beredskapsplan - handlingsplanar	20.03.2019
6.	Opplæring beredskapsrådet/-sekretariatet 2019 (27. feb. og 5. mars)	2019
7.	Planstrategi Sunndal kommune 2016 - 2020	14.12.2016
8.	Kommuneplanen samfunnsdel 2014 - 2020	03.09.2014
9.	Kommuneplanen arealdel (planomtale) 2018-2030	06.02.2019
10.	Intern plan for psykososialt kriseteam (omsorgsberedskap)	15.01.2018
11.	Ekstern plan for psykososialt kriseteam (omsorgsberedskap)	00.07.2017
12.	Samarbeidsavtale med Raude Kross	15.11.2016
13.	Referat frå møte i kriseleiinga 2017-2019, inkl. evaluering av hendingar/øvingar	2018/2019
14.	Referat frå beredskapsrådet	2017/-18/-19
15.	Kommuneplanen samfunnsdel, utkast for 2020	12.02.2019
16.	Beredskapsplan for pleie- og omsorgstenesta	2019
17.	Smittevernplan for Sunndal kommune	2014
18.	Helse- og sosialberedskapsplan for Sunndal kommune	09.05.2012
19.	Katastrofeplan for helsetenesta	09.05.2012
20.	Lokal beredskapsplan for NAV Sunndal	24.05.2019

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Sunndal kommune vart gjennomført 17.09.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 28.11.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Ståle Refstie	Ordførar	X	X	X	X
Randi Dyrnes	Kommunedirektør	X	X	X	X
Harriet Berntsen	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Hallvard Vermøy	Lensmann		X		X
Liv Ingrid Horvli	Skulesjef		X		X
Mona Reinset	Barnehagesjef		X		
Laila Almhjell-Ims	Sjef innvandrartenesta		X		
Anne Berit Vullum	Pleie- og omsorgssjef		X		X
Eilif Lervik	Teknisk sjef/brannsjef		X		X
Sigrun Rødset	Informasjonsleiar		X		
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X			
Renate Frøyen	Seniorrådgjevar		X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2016 og er forankra i kommunestyret. Arbeidsgrupper med representantar frå aktuelle interne tenester/fagområde og eksterne aktørar har jobba med ulike tema i analysen. Sjølv analysen vart gjennomført i ROS-modulen til KvalitetsLosen. Kommunen har gjort eit godt arbeid med prosateksten til analysen, og analysen er lett å lese. Dette bidreg til å gjere analysen lettare tilgjengeleg, òg for dei som ikkje har kjennskap til denne type analysar. Vi ser derimot at val av konsekvenskategoriar, og korleis analysen har kome fram til høgaste risiko for kvart tema, kan vere vanskeleg å forstå. Dette kan truleg betrast ved eit meir utdjupande metodekapittel.

ROS-analysen har resultert i ei ikkje-prioritert rekkjefølgje av tilrådde tiltak. Oppfølging av funn og tiltak er ikkje forankra i det overordna planverket til kommunen med langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Ved revidering av heilskapleg ROS-analyse bør tiltaksliste med plan for oppfølging på plass, dette for å kunne utarbeide mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik i overordna planverk.

Kommunen sin evne til å oppretthalde og gjenoppta drift ved/etter uønskte hendingar er ein viktig del av ROS-analysen. Ved neste revisjon bør kommunen derfor vurdere å synleggjere desse vurderingane betre og meir systematisk i analysen. Vidare vil det vere naturleg at kommunen ved revidering av analysen gjer ei ny (politisk) vurdering av akseptkriteria for å sjå om desse framleis skal gjelde.

Beredskapsplanverket er frå mars 2017, og er sist oppdatert i februar 2019. Beredskapsplanen oppfyller minimumskrava i forskrifta. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon, og i beredskapsplanen går det fram at det er rutinar for årleg revisjon og oppdatering av planverk. Ansvar for beredskapsplanverket er plassert. Kommunen har eit godt mål om å øve kriseleiinga og beredskapssekretariatet minimum to gongar i året. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere hendingar og øvingar, sjølv om dette er noko tynt skildra. Tilsvarande kan opplæringssystemet til kommunen skildrast betre, slik at kommunen får tydelegare skriftleggjort praksisen som kom fram i tilsynet og oversendte dokument. Ved revidering av beredskapsplanen bør kommunen òg utdjupe plan for evakuering, spesielt med fokus på kommunen sine oppgåver, ansvar og roller.

Vi ser at smittevernplan (revidert i 2014) og plan for helse- og sosialberedskap (2012) ligg føre. Desse beredskapsplanane er lovpålagde, og vil vere viktige verktøy i fleire av dei identifiserte hendingane i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Vi gjer merksam på at desse kan verte gjenstand for kontroll ved neste tilsyn. Det ligg òg føre beredskapsplan for pleie- og omsorgstenesta og katastrofeplan for helsetenesta.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik nr. 1**

Sunndal kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

#### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

#### **Utdjupande kommentar:**

Sunndal kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik, med bakgrunn i funna frå den heilskaplege ROS-analysen. Kommunen planlegg å fastsette mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel som er planlagt neste år (2020). Kommunen må òg sikre prioritering og plan for oppfølging av funn i heilskapleg ROS-analyse.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1.**

##### **Kommunen bør:**

- Betre synleggjere vurderingane som ligg til grunn for val av konsekvenskategoriar i heilskapleg ROS-analyse. For nokre hendingar er vala vanskelege å forstå.
- Beredskapsplanen bør ha ein meir utfyllande plan for evakuering, særleg med fokus på kommunen sine oppgåver, ansvar og roller. Der andre aktørar (t.d. gjennom samarbeidsavtalar) har evakueringsoppgåver, bør òg dette kome fram av planen.
- System for opplæring kan skildrast betre i planverket.
- For å sikre læring i organisasjonen, bør det skildrast ein meir utfyllande plan for evaluering etter hendingar og øvingar.

### 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til Fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter Fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan Fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485/95224419.